

offentleg.ettersyn@abo-ark.no.

**Avdeling for  
Strategisk utvikling og digitalisering  
(SUD)**

---

<b>Dato</b>	23.06.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/59152-7
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakhandsamar</b>	Liz Eva Tollefsen
<b>E-post</b>	Liz.Eva.Tollefsen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

## **Fråsegn til oppstart av detaljplan for Sauvågen - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 23.5.2022 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Sauvågen. Formålet med planen er å legge til rette for å utvide oppstillingsplass til eksisterande næringsverksemid i området. I tillegg vil planarbeidet legge føringar for etablering av småbåtanlegg og oppføring av to naust. Planarbeidet er delvis i strid med kommuneplanens arealdel (for tidlegare Lindås kommune), der planområdet er avsett til næringsføremål, LNF, bruk og vern av sjø og vassdrag, samt småbåtanlegg.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Vi har i denne saka hovudsakeleg vurdert saka som regionalt kulturminnemynde:

Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Dette inneber at eventuelle kulturminne og kulturmiljø vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale kulturminneverdiar kan Vestland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn til planforslaget. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Vi ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, elde vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

### Areal i sjø

Då planområdet omfattar areal i sjø, har saka vore oversend Museum Vest v/ Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Sauvågen i Alver kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren plikter å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med fråsegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagleiar  
SUD – Plan, klima og folkehelse

**Liz Eva Tøllefsen**  
seniorrådgjevar  
SUD - Plan, klima og folkehelse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:

Berit Vik – Avd. for kulturarv  
Sigrun Wølstad – Avd. for kulturarv